



BREIDABLIKK KULTURBARNEHAGE

ÅRSPLAN

2024/2025

ME LØFTER I LAG



Framside:

1. Velkommen til Breidablikk kulturbarnehage

Presentasjon av barnehagen

Eigenart/profil

Et godt språkmiljø for alle barn - NMT (Norsk med tegnstøtte)

Personaloversikt

2. Barnehagens verdigrunnlag

Barnesyn

Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg

Barnehagen skal ivareta barns behov for lek

Barnehagen skal fremme danning

Barnehagen skal fremme læring

Livsmestring

Glede og humor

Trygt og godt barnehagemiljø

Sosial kompetanse/vennskap

Berekraftig utvikling

Barnehagen sitt ansvar for å sikre progresjon i barnas utvikling

3. Fokusområde frå Kvalitetsplan for barnehagen

4. Mål for «Trygt og godt barnehage miljø»

Sånn skal vi jobba dette barnehageåret

Blekkulf og vennen hans

5. Medverknad

Barn

Foreldresamarbeid

6. Overgangar

Når barnet begynner i barnehagen/tilknytning

Overgangsobjekt

Overgangar innad i barnehagen

Overgangen mellom barnehage og skule

7. Samarbeid

Samarbeid internt i barnehagen

Samarbeid med eksterne instansar

8. Trafikksikker kommune

9. Vurdering

10. Fagområde

11. Forventingsdokument

12. Årshjul

Innleiing

Barnehagen skal utarbeide ein årsplan. Årsplanen skal vise korleis barnehagen vil arbeide for å omsette rammeplanens mål og innhald og barnehageeigars lokale tilpasningar til pedagogisk praksis.

Barnehagen sitt samfunnsmandat er i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, og fremma læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

1. Innhald:

Presentasjon av barnehagen

Velkommen til barnehagen vår!

Breidablikk kulturbarnehage består av tre avdelingar, og er etter dagens forhold ein liten barnehage – består av 2 bygg. Dette gjer seg utslag i eit trygt miljø der alle kjenner alle.

Breidablikk sitt hovudhus består av ein gammal og ein ny del, der den gamle delen vart bygd som framhaldsskule i 1912. Frå 1992 vart den gamle delen nytta som barnehage og seinare utvida med eit nytt tilbygg. Det gamle bygget bidreg til å gje barnehagen sjarm og eigenart. Hus nummer to er i Vestkroken 18, dette ble opprinnelig bygd som bolig for ansatte i Hå kommune. Dette huset ligg tvers over leikeplassen vår og har vore ein del av Breidablikk sidan 1997.

I år vil vi ha 3 avdelingar, Blokksberg, Soria Moria og Trollhaugen.

Blokksberg har base på hovudhuset og alle 18 barna er født i 2019 og 2020. Soria Moria har også base på hovudhuset med 19 barn som er født i 2020, 2021 og 2022.

Vi vil ha en småbarnsavdeling; avdeling Trollhaugen som held til i Vestkroken 18 - tvers over den store leikeplassen vår. Her vil det vera 10 barn, barna her er født i 2022 og 2023.



Barnehagens visjon:

Kunst, kreativitet og glede
kultur og trygghet tilstede!

Eigenart/profil

Breidablikk har valt å profilere seg som kulturbarnehage. Dette inneber eit spesielt fokus på dei estetiske fagområda musikk, forming og drama. Arbeidet kjem blant anna til uttrykk gjennom førestillingar og utstillingar. Kulturbarnehageprofilen skal også gjennomsyre kvardagen gjennom lek og aktivitetar. Breidablikk ynskjer å gje eit unikt tilbod, skilja seg ut, og skape sitt eige «univers» som kulturbarnehage.

Rammeplanen:

Kunst, kultur og kreativitet: «Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrslø, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrslø og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk.»

Trygt og inkluderande barnehagemiljø

I Breidablikk vil vi dette året ha særleg fokus på barnehagemiljøet.

Les meir om dette under punkt 3. i denne planen.

NMT (Norsk med teignstøtte)

I Breidablikk bruker vi NMT og ved å ta i bruk dette i barnehagen vil det styrke alle barn. Det gjer at alle kan kommunisere med kvarandre. Dette handlar også om inkludering. NMT er ein måte å støtte norsk tale med bruk av teign. Her brukas talespråk kombinert med enkeltteign, mimikk og kroppsspråk. NMT er ikkje eit sjølvstendig språk, men ein alternativ kommunikasjonsstrategi. NMT stimulerer både høyrslø (gjennom tale) og synssansen (gjennom teign, mimikk og kroppsspråk). Dette kan vere ei støtte i begrepsinnlæring for barn som kan høyre litt og barn med normal høyrslø, men med ulike typar av kommunikasjonsvanskar, kan også ha utbytte av NMT.

Gjennom arbeidet med språkmiljø i barnehagen skal personalgruppa bruke praksisfortellingar, gruppearbeid, refleksjonar og få innføring i relevant teori som vi skal omsette i praksisen vi har i barnehagen. Ein dag i barnehagen består av mange viktige kvardagssamtalar. Slike samtalar oppstår kor som helst og når som helst i barnehagen og er fruktbare språklæringssituasjonar. Vi ønsker å vere vaksne som legger til rette for at desse samtalen skal blomstre, og fortsette å vere bevisste på språklæringssituasjonar og aktivitetar for alle barn i barnehagen.

Personalet i Breidablikk kulturbarnehage 2024/2025:

Stilling	Namn	Stillingsstorleik
Pedagogisk leiar	Siri S. Tjensvoll	100 %
Pedagogisk leiar	Anette H. Egeland	100 %
Pedagogisk leiar	Kristine Ueland	80 %
Pedagogisk leiar	Carina Lund-Sneve	100 %
Pedagogisk leiar	Tina Åserød	50 %
Barne- og ungdomsarbeidar	Grethe R. Johnsen	100 %
Barne- og ungdomsarbeidar	Nina Gulliksen	100 %
Barne- og ungdomsarbeidar	Bean A. Mohammad	100 %
Assistent	Stine Lise N. Lode	100 %
Barne- og ungdomsarbeidar	Nina Håland	80 %
Hjelpepleiar/fagstilling	Anette Mæland	80 %
Barne- og ungdomsarbeidar	Nina Sør-Reime	40 %
Fagstilling/sosionom	Anette Rugland	100 %
Fagstilling/barnehagelærer	Janeth Hanssen	100 %
Fagstilling		20 %
Spesialpedagog	Agnes Haugstad Vold	
Lærling, barn- og ungdomsarbeidar	Sandra Vigrestad	100 %
Kontorkonsulent	Ragnhild Åmodt Tveit	20 %
Vaktmeister	Arve Reime	
Reinhaldar	Maria Jennifer Escobar Millo	
Styrar	Perly Elin Sjøen	100 %
Assistent	Laila Johnsen	Vikar
Fagarbeidar	Monica Skretting	80 % frå 15/8-15/9 + Vikar



2. Barnehagens verdigrunnlag

Barnesyn

Korleis vi oppfattar barnet dannar grunnlaget for barnesyn. Det handlar om korleis den vaksne klarer å tolke, samarbeide og oppfatte kvart enkelt barn. Vi ser på barnet som eit sjølvstendig individ, med det meiner vi at barnet skal ha anerkjenning for sin eigenverdi og få moglegheit til utvikling og opplevingar i eit positivt samspel. Barnet skal erfare seg sjølv som meningskaper i sin egen kvardag og saman med andre.

Vi er aktive deltakarar og skal delta, tilretteleggja og veileda med en autoritativ tilnærming. Ein slik tilnærming beskriv som ein vaksen som møter barn med varme, omsorg og som samtidig er tydeleg i samspelet. Det bygger også på å skape gode relasjonar, forventningar, trygghet og motivasjon hos det enkelte barn.

I vår barnehage skal barna oppleve at samspel med dei ansatte inneber omsorg, tillit, interesse og respekt. Relasjonsbygging er alltid den vaksne sitt ansvar. Saman arbeider vi for eit felles barnesyn, dette gjennom blant annet plantid og evaluering på personalmøte. Personalet vil også bruke faglitteratur, rammeplan og kurs som støtte og vidare utvikling i denne prosessen. Hos oss kommer barna alltid først og alt vi gjør er til "barnas beste" - dette er grunnlaget i alt arbeidet vi gjør.

Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg

Barnehagens personale er yrkesetisk forplikta til å handle omsorgsfullt overfor alle barn i barnehagen. Ein omsorgsfull relasjon skal være prega av trygghet, innleving, sensitivitet, nærleik, og evne til samspel. Omsorga skal prega alle situasjonar i kvardagen og komme til uttrykk i både lek og læring, i måltid, stell og påkledning.

Å være gode omsorgspersonar er personalets viktigaste oppgåve. God omsorg styrkjer barns forutsetningar for å utvikle tillit til både seg sjølve og andre, skape gode relasjonar, og etter kvart også ta større ansvar for seg sjølv og fellesskapet. Å gi barn moglegheit til både gi og ta imot omsorg er grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse, og er eit viktig bidrag til eit livslangt læringsperspektiv. I Breidablikk arbeider vi for å være gode, trygge og sensitive rollemodellar.

I Breidablikk kulturbarnehage skal personalet:

- *legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivnad, glede og meistring*
- *sjå på kvart einskild barn som eit heilt, fullverdig og unikt menneske, og tolke dei minste barna si ikkje-verbale kommunikasjon*

Barnehagen skal ivareta barns behov for lek

Leik kjenneteiknar barndommen vår. Barn leiker fordi leiken er nødvendig for å vekse og utvikle seg. Leik er ein frivillig aktivitet som barna sjølve vel å ta del i. Ein tilstand det er fint å vera i, samtidig er det barnet som har kontroll over eigen medverking i leiken, og tar ansvar for den. Leik er ikkje berre lek – lek gjer glede og lek er lystbetont. Samstundes er leiken barnas viktigaste arena for læring. Leik er læring, og barnehagen sin heilt sentrale arbeidsmetode. I Breidablikk skal leiken være i fokus. Vi ynskjer å tilby spennande og kreative rom som innbyr til lek. Å ha evne til å være i endring i takt med barnas interesser for å skape nye og skiftande rom for lek og kreativitet er viktig for barnas motivasjon og leikelyst. Målet er å skapa gode stemningar og «magi» som ramme for leiken. Eit engasjert og motivert personale som inspirerer og bidreg til lek er nødvendig for å lukkast med dette. Barna tas med på råd ved val av nytt leikemateriell og nye tema for lek. Slik ivaretek barnehagen barna sin medbestemmelse i leiken. I tillegg til barnas frie lek, praktiserer barnehagen også organiserte leikegrupper. Dette er blant anna eit viktig tiltak for å sikra at barn som av ulike grunner fell utanfor leiken får hjelp til å delta i lek.

I Breidablikk kulturbarnehage skal personalet:

- *legge til rette for at barna får god tid til lek*
- *bidra aktivt til at alle barn vert inkludert i lek med eit eller fleire andre barn, leikegrupper blir ofte nytta*
- *legge til rette for eit utfordrande, inspirerende, inkluderande og variert leikemiljø*
- *vera tydelege som rollemodellar, og rettleie barna viss leiken fører til uheldige samspelsmønstre*



Barnehagen skal fremme danning

Danning er ein livslang prosess som blant anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over egne handlingar og veremåtar. Forutsetningar for barnets danning i barnehagen er gjensidige samhandlingsprosessar med barn og vaksne i leik og læring og omsynet til kvarandre.

I Breidablikk arbeider vi kontinuerleg med å være gode rollemodellar for barna, slik at barna kan lære seg å bli gode rollemodellar for kvarandre. Gjennom samhandling vert barna utfordra til å meistre balansen mellom sjølvhevdning og å ta omsyn til andre sine behov. Vi ynskjer at barna gjennom gode dannelsingsprosessar skal få styrka sin sjølvfølelse og sjå på seg sjølv som eit verdifullt medlem av eit større fellesskap. Danning i barnehagen har som mål å utvikle sjølvstende og tryggleik hos seg sjølv som individ og eigen personlege og kulturelle identitet.

I Breidablikk kulturbarnehage skal personalet:

- *legge til rette for samhandling mellom barna, der dei får oppleve at dei er eit verdifullt medlem av fellesskapet*
- *synleggjera mangfaldet me har i barnehagen, og korleis det kan vera kjelde til positive opplevingar, utforsking og læring*
- *støtta barna i å uttrykke egne meiningar, samt å syna respekt og omtanke for andre*

Barnehagen skal fremme læring

Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer på alle områder. Dette dannar grunnlaget for det heilheitlege læringssynet barnehagen arbeider ut frå. Læring føregår i det daglege samspelet med andre menneske og deira miljø, og er nært samanvevd med leik, omsorg og danning.

Personalet må ha eit aktivt og bevisst forhold til barnas læringsprosessar. Mens nokre barn stadig oppsøker læringssituasjonar på eige initiativ, vil andre barn sjeldnare oppsøke slike situasjonar, og da i langt mindre grad få kommunisert sine interesser. Barnehagen skal styrke barns læring gjennom både formelle og uformelle læringssituasjonar, og samtidig ta omsyn til det enkelte barns behov. Læring vil være prega av kvaliteten på samspelet mellom barn og personale.

I Breidablikk vil vi bidra til læring gjennom å gje rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og mestringsopplevingar. Vi ser det som spesielt viktig å hjelpe barnet med å setje ord på kjensler, opplevingar og aktivitetar i løpet av barnehagekvardagen. Samarbeidspartnarane våre er viktige for å få fremme allsidig læring, meir om dette sjå pkt. 7

I Breidablikk kulturbarnehage skal personalet:

- *vera merksame på, og støtta opp om barna sine interesser og initiativ, og bygge vidare på desse*
- *gje barna opplevingar og erfaringar som oppmuntra til undring, utforsking og kreativitet, og gjev dei ei kjensle av meistring*
- *sørgje for eit inkluderande fellesskap, der barna lærer med, og av kvarandre*

Livsmestring

I barnehagen handlar livsmestring fyrst og fremst ved å bidra til at barn utviklar eit positivt sjølvbilete gjennom meistringsopplevingar. Barnehagen skal hjelpe barna i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjent med egne og andre sine kjensler.

Når barndommen som levast ut i barnehagen er preget av livsglede og lykke vil det være eit godt utgangspunkt for å oppnå livsmestring (Størksen 2018)

Rammeplanen beskriver at livsmestring handlar om:


- fysisk helse
- psykisk helse
- bidra til barns trivsel, livsglede, meistring og følelse av eigenverd
- førebygge krenkelsar og mobbing
- forebygge og oppdage barn som er utsett for omsorgssvikt, vold og seksuelle overgrep

HOVEDMÅL:

Breidablikk kulturbarnehagen har nulltoleranse for mobbing

Glede og humor

Humor har ein viktig plass i barna sitt liv og kan vera ein faktor som fremmar læring. Glede og humor skaper trivsel og vennskap mellom barna og dei vaksne i barnehagen. Gjennom vitsar, «tull og tøys», kroppsleg lek og ordspel kan barna utvikla sin språkevne, samtidig som dei kan fryda og gleda seg over nye og underlege konstruksjonar.



Trygt og godt barnehagemiljø

Kva er mobbing?

"Mobbing er når ein person gjentatte gonger over tid blir utsatt for negative handlingar frå ein eller fleire personar. Det er ein viss ubalanse i styrkeforholdet. Den som blir utsatt for dei negative handlingane har problem med å forsvare seg, og er ofte hjelpelause ovanfor den eller dei som plagar han eller henne" Dan Olweus

Forebyggjande tiltak i barnehagen vår:

Mål for barna:

- oppleve trygghet, glede og meistring i kvardagen
- ha medbestemmelse/barnemøter
- fokusere på kvarandre sine positive sider
- ha venner
- føla seg sett, høyrte og verdsett
- få hjelp og støtte av vaksne når dei treng det
- være en del av fellesskapet

Mål for oss vaksne:

- vera gode rollemodellar
- bry seg
- observera barnas samspel og lek
- hjelpa barn inn i leiken med andre
- gje rom for lek
- fokusere på venskap
- løfte fram barnas interesser
- autoritative - varme vaksne
- informere foreldra om mobbeplanen
- samtale dersom mobbing blir observert (både hos den som mobbar og den som blir mobba)
- felles verdiar og haldningar/prioriteringar



Meir info i heftet «Handlingsplan for et trygt og godt barnehagemiljø»

I tillegg til dette er det vår plikt til å skrive aktivitetsplan dersom det avdekkes mobbing med hjemmel i barnehagelovens kapittel 8.

§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid

§ 42 Aktivitetsplikt

Sosial kompetanse/vennskap

Sosial kompetanse er nøkkelen til trivsel saman med andre i barnehagen.

Barn er født sosiale. Dei kommuniserer med vaksne og kvarandre både gjennom kroppslege og språklege handlingar. Sosial kompetanse handlar om å kunne kommunisere og samhandla godt med andre i ulike situasjonar.


Barn utviklar sosial kompetanse i samspel med både vaksne og barn. Barna må lære seg å samhandle positivt med andre. Sosial trening gjer barn erfaring som er naudsynt for å kunne meistre ulike sosiale situasjonar gjennom livet. Det å opparbeide seg venner har stor betydning for barns utvikling av sosial kompetanse. Eit vennskap bidreg ikkje bare til glede og moro, men også konflikhtar. Det er gjennom konfliktløysing at barn får høve til å vise forståing, tilgiving og empati.

Ofte seier me at dei fem viktigaste ferdigheitene barn må meistre for å vise sosial kompetanse er:

- Samhandling
- Sjølvkontroll
- Sjølvhevdning
- Ansvarlegheit
- Empati

Prosessmål:

- Barna skal lære å utvikla toleranse og respekt for kvarandre sin bakgrunn, uavhengig av kulturell og religiøs tilhørigheit
- Barna skal arbeide med å tileigne seg samfunnets grunnleggande haldningar og verdiar
- Lære barna å lytte, observere og gi respons i gjensidig samhandling med andre
- Lære barna å uttrykke følelsar, ønsker og erfaringar, til å løyse konflikhtar og til å skape positive relasjonar i leik og annan samhandling



Berekraft

Rammeplanen seier dette om berekraftig utvikling:

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdier, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. Berekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag, får dekt dei grunnleggjande behova sine utan å øydeleggje framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekt sine behov. Det handlar om å tenkje og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida. Barnehagen skal leggje grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal få erfaring med å gi omsorg og ta vare på omgivnadene og naturen. For samiske barn betyr dette å leve i samklang med, nyttiggjere seg av og hauste av naturen. Barna skal få naturopplevingar og bli kjende med mangfaldet i naturen, og barnehagen skal bidra til at barna opplever tilhøyrse til naturen.»

Her er nokre eksempel på korleis vi arbeidar med berekraftig utvikling i Breidablikk kulturbarnehage:

- **sjølvstendhet**, styrka barna si evne til å tru på seg sjølv, prøva ut ting for å finna ut at «dette klarer eg jo». Dette handlar om å ha tru på eigne handlingar, tankar og meiningar.
- **sosial læring** føregår gjennom heile barnehagekvardagen. Samspel med andre, sjå, lytta og uttrykka seg sjølv for å styrka fellesskapet. Barna får erfaring med å vera del av ei gruppe, delta i demokratiske avgjersler og sjå at dei har påverknad på alt rundt seg. På denne måten styrkar det banas evne til livsmeistring.
- **gode naturopplevingar** gir me barna gjennom alle turane våre. Vi er på ulike turar i nærmiljøet. Dette gir barna god erfaring med å ferdast i ulent terreng, bevega kroppen, kjenna at me lever. Vi ser på småkryp, fuglar og dyr. Vi er på trær og blomar og naturen rundt oss.
- **gjenbruk**, avfall og emballasje er noko som omgir oss alle. Det finnes mange kreative måter å bruke f.eks. yoghurtbeger, topper frå tuber, kartonger etc. Gjennom kunst og kreative prosjekter bruke vi noe av dette fremfor å kjøpe nytt formingsmateriale.

Det handlar om å erfara og oppleva – for at barna skal få byggja vidare på alt dette. På denne måten håper vi at barna får ein forståing på korleis alt rundt oss heng saman.

Barnehagen har ansvar for å sikra progresjon i barnas utvikling

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleva framgang. Opplevinga av meistring er nært knyta til utviklinga av god sjølvkjensle, derfor må alle barna få utfordringar tilpassa eige nivå.

Barna utviklar seg ulikt og med forskjellig tempo. Progresjonen skal derfor følgje barnet, ikkje ei bestemt aldersgruppe. Det er viktig at vi som vaksne i barnehagen har god kunnskap om det enkelte barn, slik at vi kan gje han/ho noko å strekkje seg etter og at det er tilpassa kvart enkelt barn sitt ståstad.

Barnehagen skal gje kvar einskilt barn gode utviklingsmoglegheiter ut ifrå barnet sine interesser og evner. Det er de vaksne sitt ansvar «å lese barnet», slik at de imøtekjem behova deira. I tillegg er det viktig å gi dei utfordringar, erfaringar og opplevingar ut frå barnets modning og utvikling.

3. Årets fokusområde frå Kvalitetsplanen for barnehagen

Dette seier Kvalitetsplanen for Hå kommune om temaet «trygt og inkluderande barnehagemiljø»:

Alle barn skal oppleve å høyre til og vere ein del av fellesskapet i barnehagen. Personalet kan gjere ein forskjell ved å støtte barn i å etablere gode relasjonar og vennskap. Dei må arbeide førebyggjande med å fremme faktorar som gjer eit positivt barnehagemiljø for barna. For å stoppe negative handlingar er det ein føresetnad at personalet er aktivt tilstade for å hindre negativ og ekskluderande åtferd.

Prosessmål:

- Kompetanse på å skape trygge og inkluderande barnehagemiljø.
- Gje alle barn oppleving av å høyre til i fellesskapet.
- Kompetanse på å støtte barn si lek, læring og utforsking.



4. Mål for «Et trygt og inkluderande barnehagemiljø»

Alle barn skal få gode venner og oppleve å vera i eit fellesskap.

Personalet skal:

- 1. Ha kompetanse på god kommunikasjon som inkluderer alle barn, uavhengig av alder, utvikling, funksjonsnivå og etnisitet.*
- 2. Ha leikekompetanse og gi barna felles leikereferanser som reiskap for vennskap og inkludering»*

I Rammeplanen for barnehage – under Verdigrunnlaget for barnehagen står det:

«Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrslø og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal spegløst i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.»

Videre i Kapittel 3 under Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap står det:

«Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov.»

Personalet skal

- støtte barnas initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på venner
- samtale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i fellesskap
- støtte barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar
- støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar
- førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster

Barn i Breidablikk skal oppleve:

- omsorg og nærleik
- å bli sett og høyr
- vennskap
- å delta i leik
- tillit og respekt
- positivt samspel mellom barn og vaksne
- kjærlege og tydelege vaksne som er tilstade

Miljøet i Breidablikk skal støtte opp om lyst til å leike, utforske, lære og meistre. For at barn skal få oppleve dette, krev det engasjerte vaksne med tid til enkeltbarn, som har eit felles barnesyn og som er tilstades. Som observerer, reflekterer og er fagleg oppdatert.

Alle barn er unike og har sine egne kvalitetar og utfordringar. Dei er ein del av eit mangfald og eit fellesskap, og her i Breidablikk skal dei finne sin plass. Barnehagen må tilpasse seg det einskilde barnet med individuelle og fleksible løysingar. Det er ein rikdom at barna er ulike, og dette mangfaldet er viktig for læring og utvikling.

Inkludering i barnehagen gjev grunnlag for barna til å oppretthalde sin ulikhet. Inkludering er eit overordna mål i samfunnet, og intensjonen er å gje alle lik høve til samfunnsdeltaking. At inkluderingsomgrepet er lagt til grunn i barnehagen, gjev ei rekke konsekvensar. Det inneber at alle barn skal ha ein naturleg plass i fellesskapet, og at vi i barnehagen må leggja til rette på ein slik måte at det fungerer godt.

I barnehagen vår arbeider vi med inkludering for både liten og stor. Vi har personalmøte og avdelingsmøter jamleg. Her drøftar vi kva som er viktig og kva vi skal arbeide med, kva som er målet og kva vi vil oppnå med enkeltbarn. Vi er i ei kontinuerleg utvikling og lærar gjennom å gjera.

For at barn skal oppleve seg inkludert, må vi først og fremst arbeide med relasjonar til barnet. Slik at det er trygt og føler seg sett og forstått, og har ein vaksen dei kan stola på. Dette må være på plass før vi kan arbeide vidare med inkludering.

Andre ting vi gjer for å oppnå målet med inkludering er å ha leikegrupper/smågrupper, primærkontakt, foreldresamtaler og barnesamtaler, barnsmedverknad, gode samtaler, eit trygt fang mm.

Sånn skal vi jobba dette barnehageåret

Dette året skal vi jobbe mykje med song og musikk. Musikk gir trygghet – fellesskap og vennskap som er noko vi vil ha et stort fokus på dette barnehageåret.

Musikk er eit universelt språk, det skaper forståelse og samhold på tvers av kultur og språk. Menneske er født musisk og gjennom musikken kan man oppleve trygghet og tilhørighet. Med barnehagen som ein inkluderende arena har musikken stor betydning. Musikk påvirker enkeltmenneske både språklig og følelsesmessig. For nokon skaper musikken nye minner mens for andre i samme stund vekker minner. Det forener i tillegg mennesker på tvers av alder.

Forskning viser også at hvis man i tillegg til musikken beveger seg kroppslig så arbeider hjernehalvdelen meir aktivt i lag og dermed øker forståelsen og hukommelsen.

Musikk i barnehagen har altså en naturlig og viktig plass. I Breidablikk barnehage kommer dette daglig til syne med blant annet den spontane sangen ved stallebordet, humoristiske sanger/regler/rytmer i lek & samling. Der er også alltid rom for barns egne spontane musiske uttrykk. Musikken er ofte uhytidelig, men svært viktig for samspelet og relasjonane i barnehagen. Vi retter også fokus på meir organiserte og planlagte musikk aktiviteter som vises igjen på måneds planer og nokon gonger forestillinger. Vi skaper masse musiske stunder i lag kor alle er inkludert uavhengig ferdigheter.

Blekkulf og vennene hans

I år skal vi arbeide med Blekkulf som prosjekt. Blekkspruten Blekkulf er kjent for mange som ein aktiv miljøforkjemper med fleire venner i havet som medhjelpere. Vi vil arbeide med dette gjennom de estetiske områdene som musikk, drama og forming. Desse områda går ofte i ein annan og vi gleder oss til å utforske dette ilag.

Samtidig skal også barnehagen fremme miljøtiltak som er bærekraftig. Ved å arbeide med dette prosjektet vil miljøtiltak komme til syne gjennom presentasjoner og aktiv deltakelse. Vi må undra oss i lag og inkludere alle i prosessen, kva kan vi gjera og korleis kan vi påvirka miljøet rundt oss. Vi vil ha eit prosjekt som lokker til lek og utforskning.

Budskapet til Blekkulf er motiverande og inkluderande på samme tid, han seier følgande: "Ingen kan gjøre alt, men alle kan gjøre noe".

5. Medverknad:

Barn

Barnehagen skal ivareta barns rett til medverknad. Det skjer ved å legge til rette for og oppmuntre barna til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens arbeid.

I Breidablikk set vi dette på dagsorden mellom anna gjennom barnesamtalar og i den daglege kontakten med barna. Vi har fokus på å lytte til barna og ta omsyn til deira ynskjer og interesser i samsvar med alder og utvikling.

Foreldresamarbeid

Barnehagen skal leggja til rette for foreldresamarbeid og god dialog med føresette.

Samhandlinga skal skje på individnivå, med foreldra til det enkelte barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet (FAU) og samarbeidsutvalet (SU). Foreldra har høve til å påverke innhaldet i barnehagen ved å engasjere seg i desse utvala – ein kan også melde inn saker og engasjere seg på den måten. Kvar avdeling har ein foreldrerepresentant, sjekk nettsida for info.

På individnivå dannar kommunikasjonen i det daglege, i hente- og bringesituasjon det viktigaste grunnlaget for eit godt foreldresamarbeid.

I tillegg praktiserer vi jamlege foreldresamtalar og brukarundersøkingar.

6. Overgangar:

Når barnet begynner i barnehagen/tilknyting

Ei av dei viktigaste oppgåvene i barnehagen er å organisere tilvenninga slik at barnet kan utvikle ein trygg tilknyting til ein ny vaksen – vi kallar den ein primærkontakt.

God tilvenning i barnehagen er viktig for at barnet skal få ein best mogleg start i sin nye kvardag.

Ein mjuk start gir eit godt utgangspunkt for ein god barnehagekvardag.

Før oppstart har vi «bli kjent dagar» som familien kan nytte seg av. Då møter barnet både dei vaksne og det fysiske miljøet dei skal forhalda seg til.

Vi tilrår også at barnet få utforske barnehagens uteområde både i og utanom opningstida.

Overgangsobjekt

Eit overgangsobjekt er eit symbol som står for noko anna. Det minner barna om det dei saknar, til dømes mor og far. Overgangsobjekt nyttas helst i samband med sorg, sakn, når barnet skal sove, er lei seg osv.

NB! Dersom barnet blir pressa til å klare seg utan overgangsobjektet før det er klart for det, kan barnet bli utrygt. Ta derfor med tutt, kosefiller, bamse osv. Det har stor betyding for barnet.

Overgangar innad i barnehagen

Dei yngste barna held vi litt avskilt frå barna over 3 år. Trygghet, nærhet og sensitiv omsorg er det første steget på vegen for å fremme et godt læringsmiljø for de yngste barna i barnehagen. Etter kvart som dei vert tryggare introduserer vi dei yngste for dei eldste barna. Gradvis vert dei kjende med kvarandre og vi har fleire og fleire fellessamlingar og aktivitetar saman.

Vi har overgangssamtale mellom liten og stor avdeling. Utveksling av kunnskap og informasjon er viktig for å skape ein trygg og god start når barnet startar på stor avdeling.

Heile året jobbar vi med fellesskap på tvers av huset.

Før sommaren, og ved overgang frå liten til stor avdeling har vi ekstra fokus på dette.

Overgangen mellom barnehage og skule

Skulen invitere «skulebarna» til den skulen dei skal begynna på. Fire gonger i løpet av våren besøker barna sin skule.

7. Samarbeid :

Samarbeid internt i barnehagen

I Breidablikk har vi ein heilheitleg tankegang. Vi løfter kvarandre opp, og bruker kvarandre sine sterke sider. Vi jobbar på kryss og tvers, og gjer kvarandre gode. Vi er stadig i utvikling, følgjer med i tida for å utvikla oss og sikre kvaliteten.

Vi har samarbeidsmøte avdelingsvis og pedagogmøter ein gong kvar veke. Forutan dette har vi personalmøte ein gong i månaden, og fem planleggingsdagar i løpet av barnehageåret.

Samarbeid med eksterne instansar

Vi har eit nært samarbeid med fleire instansar. Som kulturbarnehage vil det vera naturleg for oss å samarbeida med:

- Jærmuseet
- Hå gamle Prestegard
- Hå kulturskule
- Jadarheim
- Nærbø idrettslag
- Hå bibliotek
- Hå vedlikehaldsverkstad
- Vibereiret barnehage
- Bjorhaug barnehage

Bedrifter i heile Nærbø handelsstand blir flittig nytta alt etter kva tema som står på programmet.

For at barn og foreldre skal få eit mest mogleg heilskapleg tilbod til beste for barns oppvekst og utvikling, krev det at barnehagen samarbeider med andre tenester og institusjonar i kommunen.

Breidablikk kulturbarnehage samarbeider med følgjande instansar:

- Barnevernet
- Helsestasjonen
- PPT-kontoret, kontaktpersonen vår er Renate Kydland
- Ressursteamet, ei tverrfagleg gruppe som barnehagen og foreldre kan få hjelp og støtte av når det oppstår utfordringar med einskildbarn eller barnegruppe. NB! Bortsett frå anonyme saker, vert det alltid innhenta samtykke frå foreldre/føresette i forkant av sak som leggst fram for gruppa. Gruppa har representantar frå barnehage, PPT, spesialpedagogisk team, barnevern, og helsestasjon. Fysioterapiavdelinga kan kallast inn ved behov
- Spesialpedagogisk team – barnehageåret 2023-24 er det spesialpedagog som har ansvar for det spesialpedagogiske tilbodet for barn med særskilde behov
- Trygghheim og Bryne vidaregåande skuler – kvart år tek vi imot fleire elevar i praksis. Dette er elevar som tek barne- og ungdomsarbeidarfaget, eller helse og oppvekst
- Barne- og ungdomsskulane på Nærbø – dette gjeld praksis/ «Innsats for andre» og arbeidslivsfag for elevar i ungdomsskulen, samt overgangen frå barnehagen til barneskulane
- Familiesenteret



8. Trafikksikker kommune

Barnehagane i Hå skal gjennom arbeidet med fagområdet nærmiljø og samfunn bidra til at barna lærer å orientere seg og ferdast trygt i trafikken. Trafikksikkerheit skal være ein naturleg del av barnehagens innhald og omtales i årsplanen.

Trafikk er nå integrert som ein del av rammeplanen gjennom fagområdet nærmiljø og samfunn.

I rammeplanen står det: *«Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforskar ulike landskap, blir kjent med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdes trygt.»*

Det betyr at trafikksikkerheit blir ein tydelegare del av barnehagekvardagen.

Trafikkopplæring for barn

- Barna skal bli kjent med trafikkregler
- Barna skal lære å bruke sansane sine i trafikken
- Barna skal bli kjent med bruk av bilbelte, sykkelhjelm og refleks

Informasjon til foreldre/forsette

- Barnehagen har rutinar for å ivareta barna sin tryggleik. Tryggleik i trafikken skal tas opp kvart år

I veke 42 vil vi ha trafikkveke i barnehagen vår.

9. Vurdering:

Vurdering av barnehagens arbeid er viktig for å sikre god kvalitet.

Vurdering skal danne grunnlag for planlegging og utvikling. Det skal føregå kontinuerleg og etter ein har gjennomført planar og aktivitetar. Hensikta med vurdering er at vi skal sjå kva som fungerer og justere det som fungerer dårleg. Vi kan heile tida bli betre til å utvikle innhald og arbeidsmetodar i barnehagen.


Barn og foreldre skal få si sin meining om kva dei synes er viktig å vektlegge i barnehagen.

Dette gjer vi gjennom:

- observasjonar
- samtalar
- spørreskjema/brukarundersøkingar
- dagleg kontakt
- personalet vil også vurdere aktivitetar og reflektere over eigen praksis

10. Fagområde:

I forhold til **rammeplanen** så er vi forplikta til å jobba med 7 **fagområde** i barnehagen. Fagområda opptrer sjeldan enkeltvis. Oftast er fleire områder representert innafor eit enkelt tema.



BREIDABLIKK KULTURBARNEHAGE

Dette forpliktar vi oss til å gjera:

Heimen	Barnet	Barnehagen
• Omtale barnehagen positivt • Ha ein nær og open dialog. Barnehagen vert kontakta fyrst når de lurar på noko • Heim og barnehage skal supplere kvarandre – slik at barna utviklar seg på alle områder: sosialt, emosjonelt, motorisk og individuelt • Følgje opp barnehagen sin forventningar med omsyn til barnet: - opningstider - kler - planar - møter/samtalar • Vi ynskjer tilbakemelding på arbeidet vårt for å verta betre	• Ha respekt for andre – både barn og vaksne • Vera greie med kvarandre • Vera opne og villige til å læra noko nytt "ta verda med opne armar"	• Barna skal trivast, ha det gildt, trygt og godt • Dekka barnas behov og bidra til utvikling • Stabilt personale • God styring • Fornyng – vera oppdaterte og følgje med i tida • Lydhøyre overfor foreldra • Kompetansen må vera tilfredsstillande i barnehagen

12. Årshjul

NB! Ta forbehold om endringer

BREIDABLIKK KULTURBARNEHAGE Å R S H J U L 2024/2025	
August	Velkommen til nytt barnehageår 15/8 Nytt barnehageår - første dag i barnehagen
September	Veke 36 Oppstartsamtaler for nye barn Veke 37 Frist for innlevering av haustferien er 15/9 Veke 36 «Markusløpet» 13/9 Veke 38 Brannvern-veke, Blokksberg besøker brannstasjonen 18/9 kl. 09.00 (kun de eldste barna født 2019) Veke 38 Foreldremøte 17/9 kl. 18.00
Oktober	Barnesamtaler og foreldresamtaler Veke 41 Verdensdag for psykisk helse 10/10 Veke 41 Skulen har haustferie 7/10 - 11/10 Veke 42 Trafikkveke Veke 43 FN-dagen 24/10
November	Veke 45 Tema «meg selv» Veke 45 Samen om god oppvekst (foreldrekurs for de som har barn født 2021) Veke 46 Planleggingsdag – stengt i barnehagen 15/11 Veke 47 Samen om god oppvekst (foreldrekurs for de som har barn født 2021)
Desember	Veke 49 Frist for innlevering av julelappen/juleferien 2/12 Veke 49 Julebord 5/12 Veke 50 Lucia-feiring 13/12 Veke 51 Nissefest
Januar	Veke 1 Planleggingsdag – stengt i barnehagen 2/1 Første barnehagedag etter juleferien er fredag 3/1 Veke 5 Samen om god oppvekst (foreldrekurs for de som har barn født 2019)
Februar	Veke 6 Samefolkets dag 6/2 Veke 9 Karneval 26/2 Veke 9 Skulen har vinterferie 24/2 - 28/2
Mars	Barnesamtaler og foreldresamtaler Veke 11/12 Foreldremøte Veke 12 Rockesokk 21/3 Veke 12 Frist for innlevering av påskeferien 21/3
April	Veke 15 Den store gule påskefesten Veke 16 Onsdag 16/4 stenger vi kl. 12.00 Veke 16/17 Påskeferie 17/4 - 21/4 Veke 17 Frist for innlevering av sommarferien 25/4
Mai	Veke 18 1.mai – stengt i barnehagen Veke 18 Plandag 2/5 – stengt i barnehagen Veke 20 Vi øver oss til 17.mai - 16/5 Veke 21 Besteforeldrebesøk 20/5 Veke 21 Plandag 23/5 – stengt i barnehagen Veke 22 Kristi himmelfartsdag 29/05 – stengt i barnehagen
Juni	Veke 24 2. Pinsedag 9/6 – stengt i barnehagen Veke 23 Foreldremøte for nye foreldre Veke 24/25 Avslutningstur for skulebarna